



Brattvåg barnehage

Årsplan 2025/2026



Vår visjon er:

«I Brattvåg barnehage skal alle verte sett, høyrte og anerkjent»

Visjonen skal gi retning for arbeidet vårt i barnehagen, og den gjeld for både barn, foreldre og personale.

Danning

Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrig på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratisk fellesskap.

Rammeplanen seier noko om korleis personalet i barnehagen skal fremje danning.

- Vi skal legge til rette for meningsfulle opplevingar og støtte identitetsutviklinga og den positive sjølvforståinga til barnet.
- Vi skal støtte barnas aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet.
- Vi skal synleggjere og verdsetje ulike behov, meiningar og perspektiv i fellesskap.
- Vi skal legge merke til, anerkjenne og følge opp barnas perspektiv og handlingar.
- Vi skal utfordre tenkinga til barna og invitere dei inn i utforskande samtalar.
- Vi skal synleggjere og fremheve mangfold og ulikskap som grunnlag for opplevingar, utforsking og læring.

(Rammeplanen for barnehagen, s. 21)



Vårt pedagogiske grunnsyn, med utdyping av korleis vi vil jobbe:

Barnehagen ønskjer å vere **eitt fellesskap** der kvar enkelt kjenner at ein høyrer til og har sin plass. Alle skal bli inkludert i fellesskapet. Alle skal bidra til at vi får ein god atmosfære gjennom å ha ei positiv haldning til og vere innstilt på å stille opp for kvarandre. Dei vaksne opptre imøtekommande overfor alle barn uansett kva base barnet kjem frå. Dette vil barna merke, og det vil gi dei tryggleik til å kunne ta kontakt med den vaksne som er i nærleiken. Det språklege og kulturelle mangfaldet blir sett på som noko positivt og berikande. Vi kan alle lære noko av kvarandre. Fellesskapet gir rom for å vere ulike. Vi vil jobbe for at språk ikkje skal vere til hinder for å kunne delta i dette fellesskapet.

Gjennom å fokusere på dei vaksne sitt **nærvær**, vil vi at barn og foreldre skal oppleve at vi er tilgjengelege og at barnehagen er ein trygg og god stad å vere. Vi vil vere nær barna der dei er. Vi vil sjå behova til kvart enkelt barn gjennom å lese barnet sitt kroppsspråk og lytte til dei. Personalet må vise stort engasjement i barna si verd. Vi gir rom for undring, utforsking, leik og kreativitet, og legg vekt på det som hender her og no. På denne måten støtter og rettleier vi barna i kvardagen og i utviklinga deira.

I arbeidet med det pedagogiske innhaldet i barnehagen, har vi valt **temaarbeid** som metode. Vi legg vekt på at vi skal ha eit felles fokus for heile barnehagen, men også at vi skal kunne vere fleksible og ha valfridom innafor rammene som er sett. Personalet veljer det overordna tema for barnehageåret. Ut frå tema og målsetting må kvar barnegruppe velje si vinkling ut frå barna sine interesser, føresetnader og ønskjer. Barnet sine synspunkt skal leggst vekt på i høve til alder og modning.

Vi legg stor vekt på å bruke **naturen** rundt barnehagen som arena for leik og læring. På tur og i aktivitet i naturen legg vi vekt på å fremje den sosiale og den kognitive utviklinga til barnet. I naturen er det gode vilkår for leiken. I leik lærer barn å samarbeide med andre. Ei gruppe på tur har eit fellesskap, dei opplever noko saman, noko som kan byggje og styrke vennskap. I naturen vil vi stimulere barna si fysiske utvikling, sansane og trene motoriske ferdigheiter. Ein arena der barna kan sprengje grenser og oppleve meistring.



Fellesskap

FELLESKAP – tiltak i barnehagen:

- Vi har eit felles overordna tema for året.
- Vi sett saman grupper på tvers av dei faste barngruppene og har aktivitet i lag.
- I slutten av kvar månad her vi månadsfest. Den dagen har vi fokus på dei som har hatt bursdag månaden som straks er slutt.
- I adventstida har vi fire felles adventstunder.
- Vi har fellesarrangement, som haustfestival, vinterfestival, samefolkets dag, karneval, nissefest og 17. mai i barnehagen.
- Med julefest, påskelunch og sommarfest, har vi fellesarrangement der foreldra er med.

Nærvær

NÆRVÆR viser vi ved:

- At vi deler smil, latter og glede.
- At vi med blick og kroppsspråk viser at vi er tilgjengelig.
- At vi fokuserer på det barna er opptatt av.
- At vi lytter til barna.
- At vi gir barna tid til å tenke og undre seg.
- At vi følger barna sine tankar.
- At vi er i forkant.
- At vi ser barna sine behov og er støttande og rettleiande.
- At vi deler smil, latter og glede.
- At vi møter foreldra.



Temaarbeid

TEMAARBEID er vår måte å jobbe på:

- Vi har eit felles overordna tema for heile barnehagen.
- Vi planlegg eit temaarbeid, men har rom for å vere spontan og fleksibel i forhold til endringar. Barna skal kunne medvirke undervegs, deira interesser, føresetnader og ønskjer skal vektleggast.
- Kvar base set mål for arbeidet ut frå si barnegruppe og fagområda i rammeplanen. Innhald og arbeidsmåter er tilpassa barnas alder og modning.
- I samband med eit temaarbeid dokumenterer vi på basane kva for fagområde vi jobbar med.

Naturen

Korleis bruker vi **NATUREN**?

- Vi vil at barna skal undre seg og utforske naturen.
- Vi har turdagar kvar veke, i vårt eiga nærmiljø.
- Vi bruker eit variert terreng for å utfordre den motoriske utviklinga.
- Vi har rutinar for korleis vi tek i vare tryggleik på tur.
- Vi er ute året rundt. Vi opplever naturkreftene, og barna får mange inntrykk gjennom sansane.
- Naturen er ein unik leikeplass, der vi kan stimulere til samarbeid, omsorg og vennskap.
- Ein tur gir ei felles oppleving og kan utvikle og styrkje vennskap og språk
- «Ein tur i grøftekanten» – kan gi eit godt grunnlag for læring.
- «Ein tur til topps» – kan gi ei god kjensle av meistring.

TEMA

Å høyre til

MÅL

I møte med meg skal det være godt å være deg

I leiken
I samtalen
I rommet
I fellesskapet

Det kommande barnehageåret vil vi, saman med alle dei andre barnehagane og skulane i Haram kommune ha eit felles fokusområde og tema for arbeidet vårt. Det felles fokuset inneheld tre områder som vi skal jobbe med i barnehagen. Desse tre er: eit trygt og godt barnehagemiljø, språkutvikling og inkluderande praksis.

Rammeplan for barnehagen seier at leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen og at eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Leiken fremmer utvikling på alle områder, både kognitivt, språkleg, motorisk og sosialt og skaper grunnlag for vennskap mellom barna. Den skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling.

Vi deltar også i år i regional kompetanseutvikling saman med dei andre barnehagane i Haram kommune.

Personalet sitt mål for barna:

Personalet skal sørge for at alle barna blir sett, føler seg trygge og opplever at dei høyrer til.

Mål for personalsamarbeid:

Personalet skal bidra til eit trygt og godt arbeidsmiljø.

Mål for foreldresamarbeid:

Personalet skal vere tilgjengelege, lyttande og tydelege for å bidra til eit gjensidig tillitsforhold.



Oppdraget vårt

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling»
(Barnehagelova, §1)

Nye barn i barnehagen

Det er ein stor overgang for eit barn å gå frå å vere heime med foreldra til å vere i barnehagen saman med mange andre barn og vaksne som ein ikkje kjenner frå før. Det er derfor viktig at barnehage og foreldre saman legg til rette for at barnet skal få ein god start på barnehagelivet. Når eit barn har fått plass i Brattvåg barnehage, blir barnet invitert til å komme på besøk i barnehagen saman med foreldra. Vi får møte barnet, foreldra får sett barnehagen, og foreldra og dei tilsette kan samtale om barnet og barnehagestarten. Sjølve tilvenninga i barnehagen er ikkje lik frå barn til barn. Den første dagen er barnet i barnehagen berre eit par timer saman med foreldra, og så avtalar ein frå dag til dag kor lenge barnet skal vere i barnehagen, når foreldra kan gå frå barnehagen og anna som omhandlar barnet. I denne tida er det særleg viktig at foreldra er lett å nå på telefon.

For at barnet skal få ein god start i barnehagen er det svært viktig at foreldre og tilsette i barnehagen har ein god kommunikasjon. Etter nokre veker har pedagogisk leiar og foreldra til det nye barnet ein «Startsamtale» med fastsette tema som gir eit godt grunnlag for det vidare samarbeidet.

Barna i barnehagen er delt i fem baser. På Blåbærtua og Tyttebærtua held barna som er fødd 2023, 2024 og 2025 til. Barna fødd 2022 held til på Mauren og på Edderkoppen har vi barna fødd 2021. Barna som har sitt siste år i barnehagen held til i Skogen, dei har eit eige bygg i skogen bak barnehagen.

Blåbærtua

Amalie, Bella, David, Jana, Kasper, Marco, Nils, Patrik, Varvara, Viktor

Lamija Selak – ped.leiar
Nina M. Andersen – fagarbeidar
Violet E.G. Vågsæter – barnepleiar
Anette L. Skaaden – assistent



Tlf. 90 21 49 50

Tyttebærtua

Ajdin, Devin, Eilert, Julia Maia, Lionel, Ludvik, Nina, Noah, Samuel, Valentina

Stine M. Otterlei – ped.leiar
Ingvild L. Sylte – fagarbeidar
Heidi Gjerset – fagarbeidar
Ann-Mari Hildremyr – assistent



Tlf. 90 21 48 08

Edderkoppen

Alfred, Alma, Brian, Elias, Estere, Hennie, Isabella, Karla, Lucas, Mariia, Michal, Salome, Thea, Viktoria

Britt Tove V. Molnes – ped.leiar
Guro R. Blomvik – fagarbeidar
Hani Abdi – assistent



Tlf. 90 21 46 02

Mauren

Alva, Artur, Edgar, Gurace, Jens, Julia, Klara, Konrad, Ludwig, Matheo, Sebastian

Veronika E. Koppen – ped.leiar
Tove Lise Landsverk – fagarbeidar
Hani Abdi – assistent



Tlf. 48 04 54 08

Vikarer: Olga Borgen, Oksana Chilinhirova, Amra Colic, Marit Tomren

Reingjeringsassistent: Vijitharany Sadasaralingam

Dagleg leiar: Lena K. Farstad

Skogen

Ajsa, Andrea, Benjamin, Eir, Ema, Ingrid, Isabella, Laura, Leis, Mie, Mounib, Signe, Synne

Silje H. Solvang-Søvik – ped.leiar
Almira Selak – fagarbeidar
Julianne R.M. Husby – assistent



Tlf. 46 81 06 79

Veke 32-38

Oppstart – bli kjent

Mål: Barn og personale skal bli kjent med og trygg på kvarandre, basen sin, omgjevnadene og rutinene.

Barna kjem tilbake etter ferien, andre skal ha sine første dagar i barnehagen.



August 2025

Mangfald og gjensidig respekt i barnehagen

I barnehagen møter barn kvarandre med ulike bakgrunnar, språk, kulturar, familiar og erfaringar. Dette mangfaldet er ein stor styrke – det gir barna moglegheita til å lære om verden, sjå ulike perspektiva og utvikle toleranse og empati.

Mangfald i barnehagen betyr at vi anerkjenner og verdsette forskjellar. Vi gir plass til ulike måtar å vere på. Og vi let barna få uttrykke sin identitet og kultur. Vi les bøker på fleire språk, markerer ulike høgtider og snakkar om likskap og ulikskap på ein positiv måte.

Gjensidig respekt handlar om korleis vi møter kvarandre – både barn og vaksne. Det betyr at vi lyttar til barna sine meningar, viser forståing og lærer dei å respektere andes følelsar, grenser og behov. Vi jobbar med empati, språkbruk og korleis vi kan være gode venner for kvarandre.

Barnehagen skal vere eit trygt sted for alle. Ein stad der barna lærer å vere stolte av kven dei er – og samtidig lære å sette pris på at andre kan vere annleis.

Foreldresamtaler

Når eit barn startar i barnehagen, har ped.leiar og foreldre ein startsamtale. Ein har fokus på korleis oppstarten har vore, og ein utvekslar informasjon som er viktig for foreldra og barnehagen.

Kvar haust og vår gjennomfører vi foreldresamtaler i barnehagen. Dette er viktige samtalar, der foreldre og ped.leiar samtalar om barnet og barnet i barnehagen. Om hausten det året barnet fyller tre år, er det også ein oppfølging av nokre av spørsmåla frå startsamtalet på foreldresamtalen. Vi oppfordrar alle til å skrive seg på listene så snart dei kjem opp på veggene.

Tid avsett til samtalar i år

Skogen:

veke 40–42 og 11–13



Mauren og Edderkoppen:

veke 43–45 og 14–16



Blåbærtua og Tyttebærtua:

veke 46–48 og 17–19



August 2025

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag	
31					1	2	3	
32	4	5	6	7	8	 Singapore sin nasjonaldag	10	
33	Barnehagen stengt. Planleggingsdag for personalet.11	Barnehagen stengt. Planleggingsdag for personalet.12	13	14	15  Maria 4 år	16	17	
34	18	19	20	21	22  Klara 3 år	23	 Ukraina sin nasjonaldag	24
35	25	26	27	28	29	30	31	

Veke 32-38

Oppstart – bli kjent

Dei to første månadene er det tid for oppstart og tilvenning i barnehagen. Også barna som allereie har vore i barnehagen eitt eller fleire år, treng ein periode der dei kan gjere seg kjent med det som er nytt. Dei byter base, kan få eit nytt rom og eit nytt fysisk miljø å forhalde seg til og nokre nye vaksne å bli betre kjent med. På same måte skal dei vaksne gjere seg kjent med barn dei ikkje har vore så tett på tidlegare

Veke 38

Brannvernveke

Mål:

- Barn og personale skal gjere seg kjend med branninstruksen, og øve rutinar ved brann.
- Vi skal sette fokus på sikker bruk av ild.



Planleggingsdagar

I løpet av barnehageåret er barnehagen stengt 5 dagar når personalet har kurs- eller planleggingsdagar.

Barnehageåret 25/26 er det stengt 11. og 12. august 2025, 20. oktober, ein dag til våren og 5. juni 2026.

September 2025

Brattvåg barnehage

Melodi: «Kanskje kommer kongen»

Tekst: Britt Tove

Refreng:

**Braaattvåg barnehage,
det er barnehagen vår!
Masse vennar som sprer glede,
snille vaksne som forstår.**

1. vers:

Blåbær- og Tyttebærtua,
og den lure edderkopp.
Krypande kjem Mauren,
Skogen, den er topp!

Refreng:

**Braaattvåg barnehage,
det er barnehagen vår!
Masse vennar som sprer glede,
snille vaksne som forstår.**

2. vers:

Her får vi bruke kroppen,
sykle fort og springe rundt.
Etterpå så får vi
masse frukt for det er sunt!

3. vers:

Ulveheia og Gapahuken,
KråkePer han står på lur.
Ventar på ei skorpe,
i den finaste natur!

Refreng:

**Braaattvåg barnehage,
det er barnehagen vår!
Masse vennar som sprer glede,
snille vaksne som forstår.**

4. vers:

Vi er glade og holder hender,
og hoppar opp og ned.
For tenk om Kongen kommer!
Ja! DET kan faktisk skje!
Hurra!!!

Refreng:

**Braaattvåg barnehage,
det er barnehagen vår!
Masse vennar som sprer glede,
snille vaksne som forstår.**

Refreng:

**Braaattvåg barnehage,
det er barnehagen vår!
Masse vennar som sprer glede,
ein god klem vi gir og får.**



September 2025

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
36	1	2	3	4	5	6  Karla 4 år	7
37	8	9	10	Foreldremøte i barnehagen.	11	12	13
38	15	16  Eilert 1 år	17	18  David 1 år	19	20	21
39	22	Turbotrækk for Skogen 	23	24	25  Estere 4 år Sebastian 3 år	26	27
40	29	Månadsfest 	30				

Veke 40–47

Å høyre til

Basane finn sitt fokus innanfor årets tema, og informasjon om mål og innhald for denne perioden kommer frå dei ulike basane.

**Med vind i håret
– ute heile året!**

**Brattvåg barnehage
– naturlegvis!**

Kidplan

Kidplan er ein digital kommunikasjonsløyning for barnehage og foreldre. Når eit barn startar i barnehagen får foreldra en invitasjon og kan laste ned appen. På Kidplan kan foreldra gi melding dersom barnet ikkje kjem i barnehagen, eller informere om andre ting. Barnehagen informerer om ting som skal skje og legg inn bilete frå turar og aktivitetar. I Kidplan skal foreldra også legge inn samtykke og bekrefte informasjon frå barnehagen ved oppstart av eit nytt år.

Oktober 2025

Dagsrytme

Kl. 0700	Barnehagen opnar
Kl. 0735	Skogen opner
Kl. 0730–0830	Frukost i barnehagen
Kl. 0900	Basetid (styrt aktivitet, tur, samling, frileik, måltid, kvile ...)
Kl. 1100	Lunsj
Kl. 1400–1430	Frukt / yoghurt / knekkebrød / graut ...
Kl. 1430–1630	Frileik ute / inne
Kl. 1600	Grovrydding ute og inne Barna bør rydde litt når dei skal gå, foreldra hjelper
Kl. 1600	Skogen stenger
Kl. 1630	Barnehagen stenger



Kle og utstyr i barnehagen

Det er viktig at alle barn har det dei treng av kle og sko/støvlar i barnehagen. På korgene i garderobene ser dere kva vi tenkjer at barna treng å ha i barnehagen.

Vi er ute kvar dag, gjerne fleire gonger, så barna må ha kle slik dei kan skifte dersom dei blir våte. Dersom noko blir tatt med heim for å bli vaska eller tørka, må det være med tilbake neste dag. Det er ikkje kjekt dersom ein ikkje kan gå på tur eller gå ut fordi barna manglar kle og fottøy. Dersom barna manglar noko som dei treng, ringer vi foreldra slik at dei kan kome i barnehagen med det.



Oktober 2025

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag	
40			 Slovakia sin nasjonaldag  Kypros sin nasjonaldag	1	2	3	4	5
41	6	7	8	9	10	11	12	
42	13	14	15	16	17	18	19	
			 Bella 1 år					
43	Barnehagen stengt. Planleggingsdag for personalet.20	21	22	23	24	25	26	
44	27	28	29	30	Månadsfest  31			

Veke 40–47

Å høyre til

«I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som òg verdset omsorgshandlingane til barna.»
Rammeplan for barnehagen



Bursdagsfeiring i barnehagen



Når eit barn har bursdag:

- lagar vi krone saman med barnet
- henger vi opp flagg ute saman med barnet
- dekkjer vi eit fint bord saman med barnet
- kan barnet velje kva ein skal ha til mat til eit av måltida ut frå ein bursdagsmeny
- har basane sine tradisjonar for feiring

November 2025

Opphaldsbetaling

Opphaldsbetaling

Opphaldsbetaling pr. 01.08.2025

1/1 plass	- 5 dagar i veka	kr	700,-
4/5 plass	- 4 dagar i veka	kr	595,-
3/5 plass	- 3 dagar i veka	kr	490,-

Opphaldsbetalinga er inkludert kr 375 i kostpengar.

Barna kan få servert frukost i barnehagen, dette koster kr 50 i månaden og kjem i tillegg.

Barnehagen kjøper også inn bleier for dei som ønskjer det (Rema 1000 sine bleier), dette koster også kr 50 i månaden.



Eigar har oppretta ei FB-gruppe (Brattvåg barnehage SA) for foreldra i barnehagen der eigarstyre og samarbeidsutval kan gi ut informasjon og få innspel frå foreldra om aktuelle saker. Bli medlem av gruppa, og følg med.

Barnehagen har også ei open FB-side der dagleg leiar legg ut noko av det som har hendt i barnehagen den siste månaden.

Juli måned er betalingsfri.

Søskenmoderasjon:

Søskenmoderasjon 30 % for barn nr. 2, gratis barnehageplass for barn nr. 3. Moderasjon på rimelegaste plassen.

Ein kan søkje om redusert foreldrebetaling dersom den samla inntekta til familien er låg. Dette gjer ein via heimesida til Haram kommune.

Ekstragebyr ved henting etter stengetid:

kr 150,- for 1. påbegynt kvarter, deretter kr 50,- for påfølgjande kvarter. Dette gjeld pr. barn.



Leige lokale

Det er høve til å leige lokale i barnehagen til ulike arrangement.

Det kostar kr 500,- for andelseigar.

November 2025

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag	
44						1	2	
45	3  Hennie 4 år	4  Jens 3 år	5	6	7	8	9	
46	10	11	12	13	14	15	16  Alma 4 år	
47	17	 Latvia sin nasjonaldag	18	19	20	21	22	23
48	24	 Bosnia sin nasjonaldag	25	26	27  Lucas 4 år	Månadsfest  28	29	1. søndag i advent 30

Veke 49–52

Advent og jul

Målsetting:

Barna skal få kjennskap til jula som ei kristen høgtid, og tradisjoner knytt til høgtida. Vi skal skape ro, glede og forventning i adventstida.



Nissefest



På nissefesten i barnehagen får vi besøk av nissemor og nissefar.

Vi har eit grautmåltid for barna, og alle kan kle seg ut i nisseklede.

Desember 2025



Adventstund

Kvar måndag i adventstida har vi adventstund for å tenne adventslys, høyre forteljingar/sjå dramatiseringar og synge julesongar.



Julefest

Torsdag 11. kl. 1730 er det julefest i barnehagen. Julefesten er for alle barna i barnehagen og familiene deira. Den blir arrangert ute i barnehagen, så ein må kle seg etter veret. På julefesten markerer vi også Luciadagen som er 13. desember.

Invitasjon kjem, samarbeidsutvalet er ansvarleg for festen.




Julevandring

Kvart år får vi invitasjon frå kyrkja i Brattvåg om å gå julevandring. Dette er eit tilbod til dei eldste barna i barnehagen.

Det vil kome nærare informasjon om julevandringa på førehand.



Desember 2025

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
49	 Romania sin nasjonaldag Adventstund 	2	3	4	5	6	7
50	Adventstund 	9	10	Julefest kl. 1730	12	13	14
51	Adventstund  Edgar 3 år Arthur 3 år 	16	17	Adventstund  Mounib 5 år 	18  Devin 1 år	20	21
52	22	23	Julaften Barnehagen stengt	24 1. juledag Barnehagen stengt	25 2. juledag Barnehagen stengt	26	27  Alfred 4 år
1	29  Ludvik 2 år	30	Nyttårsaften Barnehagen stengt	31			

Veke 2–7

Karneval og samane sin nasjonaldag

I februar har vi karneval, med eit felles tema i barnehagen. Tida fram mot karnevalsdagen førebur vi oss med utgangspunkt i tema vi har bestemt.

Vi markerer også samane sin nasjonaldag denne perioden.



Januar 2026



Foreldreråd – Samarbeidsutval – Eigarstyret

«For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg» (Barnehageloven § 4)

Foreldrerådet

«Foreldrerådet består av foreldrene til alle barna og skal fremme foreldrenes fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø.» (Barnehageloven §4).

Samarbeidsutvalet (su)

«Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av foreldre og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikkje med flere representanter enn hver av de andre gruppene. Barnehageeier skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget.» (Barnehageloven §4)



SAMARBEIDSUTVALET (SU)

Samansett på følgjande måte:

Almira Selak	- personal
Ingvild L. Sylte	- personal
Lindis F. Harnes	- foreldreråd
Alice L. Koppen	- foreldreråd
Steinar Tharaldsen	- eigar
Martin Løken Lie	- eigar
Lena K. Farstad	- dagleg leiar

Eigarstyret

Brattvåg barnehage SA er ein foreldreeigd barnehage. Samvirkeforetaket har egne vedtekter som ein får utdelt ved oppstart i barnehagen.

Årsmøtet i mars vel eigarstyre.

Samansett på følgjande måte:

Steinar Tharaldsen	(mob: 90 19 70 12)	- leiar
Hanne R. Alvestad	(mob: 90 11 38 38)	- nestlaiar
Pernille Seth Hatlehol	(mob: 91 39 47 67)	- sekretær
Martin L. Lie	(mob: 99 34 58 20)	- styremedlem, dugnad
Vegard Alvestad	(mob: 95 82 25 53)	- styremedlem, dugnad
Tove Lise Landsverk	(mob: 95 72 27 50)	- styremedlem, personal
Stine M. Otterlei	(mob: 48 60 62 23)	- vara personalrepresentant
Lena K. Farstad		- dagleg leiar

Januar 2026

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
1				Nyttårsdag Barnehagen stengt. Sudan sin nasjonaldag 1	2 Brian 5 år	3	4
2	5	6	7	8	9	10	11
3	12	13	14	15	16	17	18
4	19	20	21	22	23	24 Amalie 2 år	25 Leis 6 år
5	India sin nasjonaldag 26	27	28 Thea 5 år	29	Månadsfest 30	31 Kasper 1 år	

Veke 2–9

Karneval og samane sin nasjonaldag

Karneval: 27. februar er det karneval i barnehagen. Karnevalet er knytt opp til emneperioden. Vi førebur oss til karnevalet i barnehagen og lager det vi treng der. Ingen skal ta med noko heimefrå til karnevalet, utan at ein blir bedt spesielt om det. I år er tema for karnevalet dei nye basenamna våre.

Samane sin nasjonaldag: 6. februar markerer vi samane sin nasjonaldag i barnehagen.



1 Okta	4 Njealje	7 Čieža
2 Guokte	5 Vihtta	8 Gávcci
3 Golbma	6 Guhtta	



Februar 2026



Planlegging og vurdering av arbeidet i barnehagen

Vi har eit felles tema for året i barnehagen, med felles mål. Ut frå det felles målet, set personalet konkrete mål for arbeidet i barnegruppa for ein kortare periode. Arbeidsmåter og innhald blir tilpassa etter den aktuelle barnegruppa og tar hensyn til barna sine interesser

Foreldra får informasjon om komande periode, slik at dei skal sjå kva som er målet i perioden og litt om kva ein tenkjer at perioden skal innehalde. Undervegs i perioden legger vi ut dokumentasjonar av aktivitetar som er gjennomført i KID-plan.

Personalet dokumenterer kva for fagområde vi arbeider med, og ved periodens slutt blir den vurdert opp mot dei oppsette måla. Gjennom året reflekterer vi heile tida over eigen praksis for å utvikle barnehagen vidare. På planleggingsdagen i juni evaluerer vi året. Denne evalueringa er med som utgangspunkt for planlegging av eit nytt barnehageår.

Foreldra er med å vurdere arbeidet i barnehagen gjennom foreldresamtaler og foreldremøte. Dei kan medverke gjennom foreldreråd og samarbeidsutval, og annakvart år blir det også gjennomført brukarundersøking i barnehagen.

Formålet med vurderinga som både personalet og foreldra gjer, er å utvikle barnehagen som ei pedagogisk verksemd vidare.



Februar 2026

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
5							1
6	2  Nina 3 år	3  Sri Lanka sin nasjonaldag	4	5	6  Samane sin nasjonaldag	7	8
7	9  Ajdin 3 år	10  Alva 4 år	11	12	13	14	15
8	16  Varvara 2 år	17	18	19	20	21	22
9	23	24	25  Julia 4 år	26	27 Månadsfest Karneval i barnehagen  Laura 6 år	28	

Veke 11–13

Påske

Mål:

Barna skal få kjennskap til tradisjonar knytt til påskehøgtida.



Mars 2026




Påskemåltid

Torsdag 26. mars inviterer barnehagen foreldre og søsken til eit måltid i barnehagen. Då serverer vi rundstykke som barna har baka, og mykje godt pålegg.


Påskevandring

I samband med påskehøgtida, inviterer kyrkja dei eldste i barnehagen til påskevandring. Informasjon blir gitt frå Tareskogen på førehand.



En liten kylling i egget lå

En liten kylling i egget lå.
Den banket og banket og banket på.
Her er så trangt jeg vil ut å gå
pep den og ynket seg der den lå.
Hakk hakke hakk.
Egget det sprakk og en liten kylling ut av det stakk.



Undrende sto den og tittet på.
Alt det den ute i verden så.
Solen som lyste og skinte på, marken og engen
og blomster små. Pip, pip den sa;
Jeg er så glad.
Trangt det var i egget, men her er det bra.

Mars 2026

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
9							1
10	2	 Bulgaria sin nasjonaldag 3	4	5	6	7	8
				 Ajsa 6 år	 Jana 2 år		
11	9	Barnehagedagen «Fellesskap og inkludering»10	11	12	13	14	15
12	16	17	18	19	20	21	22
					 Julia Maia 3 år		 Andrea 6 år
13	23	24	25	26	27	28	29
			 Michal 5 år				Palmesøndag ID/Bayram
14	30	Månadsfest  31					

Veke 16–19 Å høyre til

«Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdier og normer som er viktige for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremme tilhørsla til samfunnet, naturen og kulturen.»
Rammeplan for barnehagen



April 2026

Samarbeid og samanheng barnehage – skule

Mål: Legge til rette for ein god overgang barnehage – skule, i tråd med nasjonale og lokale planar.

Haram kommune har ein plan: «Samarbeidsrutinar for overgangen frå barnehage til skule» som barnehage og skule forhold seg til. Med rutina som grunnlag, gjer vi avtaler med skulen om bruk av skulens areal og aktivitetar vi vil gjere i lag.

Barnehagen har til vanleg tilgang på gymsalen på barneskulen ein dag i veka, og bruker den som turmål. Når vi går i gymsalen bruker vi å ete maten vår i kantina på barneskulen også. På denne måten blir barna litt kjent på skulen, treff søsken og helser på mange av lærarane som jobbar der. Vi bruker også leikeplassen på skulen som turmål.

I oktober skal Skogen på besøk til 1. trinnet på skulen og leike med dei på uteområdet til skulen.
I november månad får barnehagen besøk av dei som nettopp har slutta i barnehagen.
Dei besøker den barnehagen dei sjølv har vore i saman med dei vaksne frå skulen.

På nyåret er det nye besøk på skulen, både i 1.trinn og hos fadderklassa, lærarane kjem også på besøk i barnehagen.

I februar er det innskriving på skulen, dette har foreldra ansvar for. Barnehagen er ikkje involvert.

I april/mai blir barna i Skogen invitert på besøk til 1. trinn på barneskulen. Her får dei også treffe dei som skal vere fadrar for dei når dei kjem på skulen i august.

I juni er det førskuledagar. Skulen inviterer til to formiddagar på skulen, og det er foreldra som bringer og hentar barna desse dagane. Dersom det er barn som ikkje skal gå på Brattvåg barneskule, vil desse kunne delta i tilbodet frå skulen dei skal starte på i det siste året i barnehagen.

Kvart år har vi eit samarbeidsmøte mellom barnehage og skule der viktig informasjon om barna blir gitt skulen. Dette er opplysningar frå foreldresamtalar i barnehagen og blir gitt etter løyve frå foreldra. Denne informasjonen er med på å gi barnet ein god start på skulen.



April 2026

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
14			1	Skjærtorsdag Barnehagen stengt2	Langfredag Barnehagen stengt3	4	1. påskedag 5  Salome 5 år
15	2. påskedag Barnehagen stengt6	7	8	9	10	11	12  Patrik 3 år Viktor 3 år
16	13  Ludwig 4 år	14	15	16	17  Syria sin nasjonaldag	18  Eir 6 år	19  Viktoria 5 år
17	20	21  Noah 2 år	22	Svarfrist sommarferie 23  Isabella K 6 år 	24	25	26  Valentina 3 år
18	27	28	29	Månadsfest 30 			

Veke 20–26

Å høyre til

«I barnehagen skal alle barn kunne erfare å være viktige for fellesskapet og være i positivt samspel med andre barn og voksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine egne behov og ta omsyn til andre sine behov.»
Rammeplan for barnehagen



Mai 2026



Det er vår og mykje som skjer rundt oss i naturen som vi kan følgje med på og undre oss over. Vi går mykje på tur i denne årstida. På tur til vatnet, i skogen og på fjellet er det mykje å oppleve og mykje å sjå.

Dagen før 17. mai har vi vår eiga 17. maifeiring i barnehagen. Då går vi i tog i nabolaget til barnehagen. Kjekt med litt folk som kan sjå oss, og det er det i fleire av husa vi går forbi. Tilbake i barnehagen er det leikar på uteområdet og pølse og is.

I barnehagen er det barn som gjer seg klar til å begynne på skolen, og det er barn som skal på ein ny base i august når det nye barnehageåret startar. For dei som skal begynne på skolen er det eit eige opplegg i samarbeid med skulen. Dei som skal bytte base er på besøk på den nye basen i juni. Vi er klar for eit steg vidare ...



Mai 2026

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
18					Offentlig høgtidsdag Barnehagen stengt1	2	 3 Polen sin nasjonaldag
19	4	5	6	7	Frigjøringsdag8	9	10
20	11	12	13	Kristi Himmelfartsdag Barnehagen stengt14	15	16	 17 Grunnlovsdag Noreg sin nasjonaldag
21	18  Benjamin 6 år	19	20	21	22	23	1. pinsedag24
22	2. pinsedag Barnehagen stengt25	26	ID/Bayram27	28	Månadsfest  29	30  Konrad 4 år Matheo 4 år	31

Veke 20–26

Å høyre til

«Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagevardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling.»
Rammeplan for barnehagen



Juni 2026

Sommarfest

I juni er det sommarfest i barnehagen.

Då tek vi avskjed med barna i Skogen som skal starte på skulen etter sommaren. Vi har ei markering med utdeling av ting dei får med seg, og eit lite vers til kvart barn, skreve av dei tilsette i Tareskogen.


Barna i barnehagen underheld på festen, vi har leikar på området og et mat saman.



Juni 2026

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
23	1  Italia sin nasjonaldag	2	3	4  Isabella FM 5 år	5  Mie 6 år Gurace 4 år Marco 3 år	6  Sverige sin nasjonaldag	7
24	8	9	10	11	12  Filipinene sin nasjonaldag	13  Signe 6 år	14  Ema 6 år
25	15  Elias 5 år	16	17  Samuel 3 år	18	19	20	21
26	22 Jonsokaften	23	24	25	26 Månadsfest 	27	28
27	29	30					

Juli 2026



Juli 2026

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
27			1	2	3	4	5
28	6	7	8	9	10	11	12
29	13	14	15	16	17  Nils 3 år	18	19
30	 Colombia sin nasjonaldag	20  Ingrid 6 år	21	22	23	24	25 26
31	27	28  Synne SA 6 år	Olsokdagen 29	30	31		



August 2026



August 2026

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
31						1	2
32	3	4	5	6	7	8	9
33	10	11	12	13	14	15  Maria 5 år	16
34	17	18	19	20	21	22  Klara 4 år	23
35	 Ukraina sin nasjonaldag	25	26	27	28	29	30
36	31						

BRATTVÅG BARNEHAGE SA

Telefon: 45 73 87 47
Mail: post@brattvaagbarnehage.no

Blåbærtua tlf. 90 21 49 50
Tyttebærtua tlf. 90 21 48 08
Edderkoppen tlf. 90 21 46 02

Mauren tlf. 48 04 54 08
Skogen tlf. 46 81 06 79

